



Fylkesmannen i Vestland

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Vår dato:
22.05.2019

Dykkar dato:
25.04.2019

Vår ref:
2019/9672

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon for utviding av eksisterande kai på gnr. 1 bnr. 73 på Flatøy i Meland kommune.

Vi viser til brev frå kommunen datert 25.04.2019. Saka gjeld søknad om utviding av eksisterande kai på gnr. 1 bnr. 73 Flatøy. Det er søkt om dispensasjon frå avsett byggjegrensa mot sjøen, regulert planføremål friluftsområde FL1 og avsett føremål i sjøområde – bruk og vern av sjø og vassdrag.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen/reguleringsplan og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjoner, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Fylkesmannen viser til at Meland ligg i sone 2 i Statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsone langs sjøen. I tillegg er Flatøy eit område i Meland med særleg stort press. Det skal mykje til for å gje dispensasjon frå byggjegrense mot sjø i eit slikt område. Området er også sett som friluftsområde i reguleringsplan for Flatøy sør/aust. Eit friluftsområde skal vere open for allmenta og ikkje byggjast ned med private tiltak. Området skal utvidast til er i dag urørt svaberg og har verdi som landskapselement.

Fylkesmannen si vurdering er at utviding av kaien vil verke negativt på landskapet og føre til ytterlegare privatisering av strandsone og friluftsområde.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til utviding av kai på gnr. 1 bnr. 73



Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent